



Notat

Dato: 11.03.2014
Arkivsak: 2014/12365-3
Saksbehandlar: linaane

Til: Mette Nora Sætre

Frå: Kathrin Jakobsen

LEONARDO DA VINCI- PROGRAMMET: **TILSEGN OM TILSKOT til HFK Næringsseksjonen «Agrogastronomistudiet ved Hjeltnes»**

Kontraktnr.: 2012-1-NO1-LEO03-04706

Viser til søknaden dykkar «Agrogastronomistudiet ved Hjeltnes» , datert 07.03.2014. Vi er glade for å melde at fylkeskommunen med dette løyver **€ 4760** på bakgrunn av administrativt vedtak innafør budsjetttramma for Leonardo da Vinci-programmet 2012. Tilskotet er eit viktig virkemiddel i fylkeskommunen si internasjonale satsing for "å auke bruken av EU-program i det regionale utviklingsarbeidet".

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte akseptskjema innan 2 veker som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkår for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Praksisopphald i Italia for å lære meir om korleis universitetet i Bra, Italia har utvikla sitt agrogastronomistudie. Skaffe ny kunnskap og inspirasjon for å vidareutvikle fagområdet i eigen organisasjon.

Organisering:

Prosjektansvarleg: Mette Nora Sætre
Kontaktperson: Heidi Bjønnes Larsen

2. FINANSIERING AV GODKJENDE KOSTNADER

Tilskot frå Leonardo da Vinci – mobilitet VETPRO gjeld for fire personar for ein periode på ei veke til Italia med eit beløp på inntil € 4760. Beløpet er utrekna slik: € 1190 x 4 = € 4760.

Prosjektmidlane skal dekke reise og opphald.

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

Generelle vilkår

- Opphaldet må vere avslutta før **31.05.2014**.

- Dersom det ser ut til at prosjektmidlane ikkje blir brukt, må det meldast til Internasjonal seksjon snarast og før 30.04.2014.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan/søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta, eller krevjast tilbake.
- Seinast 10 dagar etter avslutta opphald - innsending av elektronisk sluttrapport og naudsynt dokumentasjon.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I all presentasjon av prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er (del)finansiert av Leonardo da Vinci-programmet med støtte frå Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling av tilsegna

- Før utbetaling skjer må det lagast ein plan for opphaldet saman med mottakarorganisasjonen.
- Reisedatoar må avtalast, og naudsynte dokument må sendast til Internasjonal seksjon.
- Når desse dokumenta er innsendt, skriv Internasjonal seksjon kontrakt mellom partane; fylkeskommunen, sendarorganisasjon, mottakarorganisasjon og deltakar(ane).
- Når kontrakten er signert og godkjent blir det tildelte beløpet utbetalt til tilsegnsmottakar.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegnet. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

4. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Marit.einen@hfk.no tf.: 55 23 95 40/ 412 49 271.

Hordaland fylkeskommune ønskjer dykk lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Kathrin Jakobsen
Seksjonsleiar

Line Hollup Aanes
Konsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Kopi: RA v/personal, RA v/økonomi

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er mottatte signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 2 veker.

AKSEPTSKJEMA
Leonardo da Vinci - prosjektstøtte

(Del 1)

Prosjektnamn: Agrogastronomistudiet ved Hjeltnes	Kontraktsnr.: 2012-1-NO1-LEO3-04706
Tilskot: € 4760	
Tilskotet gjeld til : 31.05.2014	Vår ref. 2014/12365-3

(Del 2)

Fyllast ut av tilsegnsmottakar i Hordaland fylkeskommune:

Tilsegnsmottakar: _____
(avdeling/seksjon)

Kontaktperson: _____

Telefon: _____ E-postadresse: _____

Kontostreng: _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Stad:.....

Dato:.....

Signatur:.....

Tilvisar

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Internasjonal seksjon, Postboks 7900, 5020 Bergen
